Sluttrapport vedlagt økonomioversyn og aktivitetsrapport frå UE Telemark

"Klyngesamarbeid for ungdom og entreprenørskap i fjellområdene"!

Vest-Telemark v/Gimle skule, Fyresdal kommune

Framdrift med datoar:

07.10.2016	**Oppstartmøte i Fyresdal** Repr. frå Østlandsforskning, Ungt Entreprenørskap Telemark, Fyresdal kommune – næring, oppvekst, Gimle skule, og på delar: Fyresdal Næringshage/Silva Consult (Bioøkonomi, bruk av stadeigne ressursar)
07.-08.11.2016	**Innovasjonscamp på Gimle skule** med rettleiarar og domarar frå næringslivet i Fyresdal
17.01.2017	**Vårt lokalsamfunn** for 5. og 6. klasse, lokalt opplegg med hjelp av Ungt Entreprenørskap Telemark
04.04.2017	**Telemarksmeisterskapen** for elevbedrifter, Rønholthallen, deltaking med 10 elevbedrifter frå Gimle
10. og 13.03.2017	**SMARTere energi på Gimle skule** – entreprenørskapskonkurranse for 6. og 7. klasse, rettleiing og domarar med relevans for tema "Grønt entreprenørskap".
20.04.2017	**Telemarksmeisterskap** - SMARTere energi – deltaking med dei tre beste elevbedriftene frå finalen i Fyresdal. Begge klassene var med på turen.
20.06.2017	**Avslutning - sluttrapport**

Resultat:

Heile 10 elevbedrifter (av totalt 67) frå Gimle deltok i Telemarksmeisterskapen for elevbedrifter:

- 3. plass for "Beste utstilling".
- 3. plass for "Beste sosiale entreprenør"

Nominasjonar:

- 1 av dei 5 nominerte for "Beste elevbedrift 2017"
- 2 av dei 3 nominerte for "Beste IA-bedrift", med film
- 2 av dei 5 nominerte som "Beste selger"

Dei tre beste bedriftene frå Gimle deltok i Fylkesfinalen med tema SMARTere energi:

- 3. plass totalt.

Og gikk vidare til den nasjonale finalen.

Sjå vedlagt rapport for Gimle skule frå Ungt entreprenørskap, Telemark

Status:

- Svært stort engasjement hos både elevar og lærarar på Gimle.
- Svært god fagleg og praktisk støtte frå Ungt Entreprenørskap Telemark.
- Svært godt samarbeid med lokalt næringsliv
- Lite samhandling og kontakt med dei andre regionane i prosjektet
- Gimle deltok med stor antal bedrifter (10 av 67 totalt) i Telemarksmeisterskapen for elevbedrifter, og fekk svært gode resultat
- Gimle deltok med tre bedrifter i SMARTere energi, og hevda seg svært godt i konkurransen

Erfaringar/evaluering:

I begge entreprenørskapsgruppene er det lagt stor vekt på involvering og engasjement frå næringslivet, som har vore svært positive til å delta med både rettleiarar og domarar.

Elevbedriftene har i stor grad nytta lokalkunnskap, og bruka lokale, stadeigne ressursar som grunnlag for bedriftsideane sine. Gjennom gode føringar frå lærarane på skulen og rettleiaren frå Ungt Entreprenørskap har dette vore utgangspunkt og grunnlag for dei fleste elevbedriftene som blei etablert.

Elevane har i stor grad fått auka den entreprenørielle kompetansen sin, noko dei særs gode resultata i meisterskapa syner.

Dei har og fått betydeleg større kunnskap om lokale ressursar, lokalt næringsliv, og fått auka forståing for at det er viktig å tekte utvikling og entreprenørskap i eit lite lokalsamfunn, og at det ligg mange gode, lokale ressursar som kan utnyttast betre (jf. Bioøkonomi). Det har vore involvering frå både det generelle næringslivet i kommunen, kunnskapsmiljø som Faun Naturforvaltning og Silva Consult (Bioøkonomi), og kommunen sitt næringsapparat i gjennomføringa av entreprenørskap på Gimle skule.

Ungt Entreprenørskap Telemark har vore hovudansvarleg for gjennomføringa av arrangementa ved Gimle skule, og har vore ein betydeleg ressurs og ein god støttespelar for lærarane ved Gimle skule både i lokale arrangement, i meisterskapa og ikkje minst under dei ulike fasane med førebuing.

UE Telemark henta inn elevvurderingar for innovasjonscampen i november 2016. Av 58 svarskjema ga 40 elevar ei totalvurdering med terningkast 4 eller betre. Sjå vedlagt rapport for detaljar om undersøkinga (side 2) og uttaler frå elevane (side 11).

Det har vore ei samling for deltakarane, på Lillehammer. Dette var svært nyttig og positivt, og det kom fram mange områder som var felles utfordringar og moglegheiter, som lokale, stadeigne ressursar, store avstandar, sterk lojalitet til heimplassen, sterkt ynskje om å skape utvikling og aktivitet i eigen kommune, osv.

Ulemper:

For å få god samhandling, erfaringsutveksling o.l. mellom deltakarane burde det har vore hyppigare treff. Det blei i sluttfasen av prosjektet invitert til ei samling i Vågå, som er heilt i ytterkant av prosjektet sitt geografiske område. Det var uaktuelt for Fyresdal å delta på dette i sluttfasen. 520 km og 7,5 timars køyring frå Fyresdal, om Lillehammer, kvar veg blei vurdert til å vere altfor tid- og ressurskrevjande.

Skulen blei kjent med prosjektet etter skulestart, og lenge etter at planlegginga av skuleåret var ferdig. Det var til dels krevjande å endre på undervisningsplanar i så stor grad at skulen kunne skape rom for entreprenørskap frå 6. klasse til 10. klasse. Det blei arrangert oppstartmøte i starten av oktober, som var seint i høve til skuleåret. I praksis betydde dette at Gimle skule bare hadde litt meir enn eit halvt skuleår til å gjennomføre sin del av eit krevjande entreprenørskapsprosjekt som i utgangspunktet skulle gå over eit heilt år.

Det var planlagt ein "workshop" med ungdommane frå alle regionane for å drøfte framtid i lokalsamfunnet og bruk av stadeigne ressursar for entreprenørskap. Dette blei diverre ikkje gjennomført på tvers av deltakarane i prosjektet, men blei ein del av undervisinga/førebuingane på Gimle skule.

Generelt:

Godt samarbeid med UE Telemark, ei imponerande evne til "å snu seg rundt" med tilpassingar av både arbeid og undervisningsopplegg, og elevar som gikk heilhjarta inn for entreprenørskapsarbeidet, la likevel grunnlag for at ein i denne oppsummeringa kan sjå tilbake på eit særs vellukka opplegg med imponerande resultat for Gimle skule.

Gimle skule var i Telemarksmeisterskapen for elevbedrifter den einaste skulen frå Vest-Telemark, og ein blant svært få frå heile øvre Telemark. Skulen har med bakgrunn i deltakinga i dette prosjektet fått kompetanse og gjort mange erfaringar som har stor overføringsverdi til dei andre skulane i Vest-Telemark. I Vest-Telemarkrådet vil desse erfaringane vere tema, og truleg inspirere dei andre kommunane i regionen til å setje i gang med elevbedrifter og entreprenørskap.

Måloppnåing:

For Gimle skule har prosjektet gitt rammer for å kunne innføre entreprenørskap i skulen på ein svært god måte og som har ført til gode

resultat. Prosjektet har hatt svært stor betyding for både engasjementet og omfang.

Gimle skule hadde frå tidlegare liten erfaring med entreprenørskapsarbeid i undervisninga. Det blei difor ein krevjande oppstartfase. Skulen skulle gjerne hatt meir tid til å implementere entreprenørskap i undervisningsplanlegginga. På grunn av avgrensa tid, store avstandar osv., har det vore mindre samhandling og kontakt mellom regionane. For å få til dette, og heve heile prosjektet for å få betre måloppnåing, er det viktig å forlenge prosjektet eitt til to til.

Økonomi:

Økonomitala i vedlagt tabell er basert på fakturaer, reiserekningar, timelister for lærarane, og litt skjønn basert på gode opplysningar. Læraranes bruk av tid er hovudsakleg kva som har gått med ut over normal arbeidstid, særleg i samband med møter og reise/opphald til to fylkesmeisterskap.

Fyresdal, 19.06.2017

Edvard Nesland
Næringssjef/lokal prosjketleiar

Vedlegg:

- Prosjektøkonomi - oversyn
- Statusrapport frå Ungt Entreprenørskap Telemark og Gimle skule, av 19. mai 2017.